

Leiar

Lar det seg gjera?

Gigantprosjektet "Mot himlaleite" som etter planen skal avviklast i Djuvsbotn i mars neste år i regi av Stavanger 2008 er vel det største kulturprosjektet som er planlagt utført i Sauda. Så har da oppsettinga også fått ein gigantisk prislapp på ni millionar kroner og krev i tillegg at ein horde av saudabuar etil or opp frivillig og hjelper til med avviklinga på mest alle plan.

Kan det la seg gjere? er vel eit spørsmål mange har stilt seg. Kanskje noen også har drista seg til å spørre om kvifor dei skal arbeide gratis for Stavanger 2008?

Det er fleire grunnar til å svare ja på det første spørsmålet – det andre krev kanskje ei anna vinkling inn i spørsmålsstillinga. For å ta det første først:

Kan det la seg gjere?

Føresetnadane for å lykkaast med eit slikt arrangement er at ein bygger på ein god ide og har klare tankar om kva ein vil formidle, dyktige folk til å utvikle ideen, dyktige folk til å gjennomføre den kunstnariske og den tekniske og administrative delen og eit område som eignar seg som scene for ei slik oppsetting. Ja, og så sjølvsagt noen millionar kroner.

Det meste er på plass. Del kunstnarisk snøværlege er i den klææen som skal til og når det gjeld ide og tanke bak prosjektet verkar dette både spanande og gjennomtenkt. Når ein ser på staden dei har valt å sette opp verket, skreiv Ryfylke etter avviklinga av Sauda Skifestival i 2004 dette:

"Djuvsbotn er ein katædral, eit amfi som ein på heksevis kan fylle opp med kva som helst av idrett og kultur, blanda dette med initiativ, energi og vilje, røre det godt rundt og få eit sarsig sprekt resultat...

... staden kan bli ei kulturgrøtje av dimensjonar."

Alt ligg til rette - det manglar litt på fullfinansiering og ein treng frivillige. Då kjem ein til spørsmålet om kvifor den enkelte bedrift og den enkelte saudabu skal bidra til dette som for noen verkar som eit overdimensjonert luftslott?

Å gjennomføre eit slikt prosjekt der produksjonsstaben aleine tel 50 personar i ein liten by som Sauda vil påverke alle frå overmatingsstader, transportfirma, matserveringsstader og butikkar til enkeltpersonar. Det vil bli eit felles løft ein ikkje har sett maken til i samband med eit kulturarrangement. Å meistra dette vil gi Sauda stor PR i både inn- og utland og gjerne bli starten på noe varig. Ein annan og ikkje mindre viktig gevinst ein vil sjå er ein styrka stadsidentitet – fellesskapsfølelse og stoltheit over å vite at for saudabuen kan det la seg gjere – når vi berre sit i same båten og rør den same vegen.

RYFYLKE

Kontor Rådhusgt. 1, p.b. 194, 4200 Sauda

Telefon: 52 78 68 00 Telefaks: 52 78 68 01
 Tpstelefon: 958 41 660 ISDN: 52 78 41 03
 E-post: ryfylke@ryfylke.net

Ti

RED
 Redak
 Red. i
 Journ
 Journ
 Journ